

# *Hardangervidda Fjelloppsyn as*

**Rapport nr:**

2-2002

**Dato:**

Juni 2002

## **RAPPORT**

**Rapportens tittel:**

Årsrapport 2001 for Hardangervidda Fjelloppsyn as

**Forfatter (e):**

Georg Gjøstein

**Oppdragsgjevar:**

Hardangervidda Fjelloppsyn as

**Emneord:**

Utført arbeid                      Organisasjonen

**Samandrag:**

Hardangervidda Fjelloppsyn as har totalt arbeidd 5,8 årsverk i 2001. Det er utført arbeid for 13 institusjonar der Fjellstyra på Hardangervidda, Statens naturoppsyn og NINA-NIKU er dei største tjenestekjøparane.

## **Forord**

Dette er ein årsrapport som saman med offisiell årsmelding og rekneskap gir oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyr as i 2001.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for oppdraga og samarbeidet i 2001.

Geilo, juni 2002

Ragnar Ystanes /s/  
Styreleiar

Georg Gjøstein  
Dagleg leiar

<b>1. UTFØRT ARBEID</b> .....	<b>4</b>
1.1 OPPSYNSARBEID .....	4
1.2 KONTROLLAR, ADVARSLAR OG ANMELDELSAR.....	4
1.3 INFORMASJONSARBEID.....	4
1.4 SEKRETÆRFUNKSJONAR.....	4
1.5 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	4
1.6 FELTARBEID FOR FORSKNINGSINSTITUSJONAR .....	5
<i>Villrein</i> .....	5
<i>Fjellrev</i> .....	5
<i>Vatnkvalitet</i> .....	5
1.7 OMFANGET AV ARBEIDET.....	6
<b>2. ORGANISASJONEN</b> .....	<b>6</b>
2.1 STYRET .....	6
2.2 PERSONALET .....	6
 <b>VEDLEGG: OVERSIKT OVER RAPPORTAR UTARBEIDA AV HARDANGERVIDDA</b>	
<b>FJELLOPPSYN AS 2001</b> .....	<b>7</b>

# 1. Utført arbeid

## 1.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå fjellstyra kring Hardangervidda og Statens naturoppsyn.

## 1.2 Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 439 personar av oppsynspersonell tilsett av Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 1). Det er gjeve 23 advarslar og føreteke 6 anmeldelsar (tabell 2).

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte
Motorferdsel sommar og vinter	120
Småviltjegerar	45
Storviltjegerar elgjakt /reinsjakt	44 / 182
Fiskerar	48
<b>SUM</b>	<b>439</b>

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar	Antall anmeldelsar
Motorferdsel, sommar og vinter	4	3
Småviltjegerar	1	-
Storviltjegerar	8	1
Fiskerar	6	1
Hundeeigarar (bandtvang)	4	1
<b>SUM</b>	<b>23</b>	<b>6</b>

## 1.3 Informasjonsarbeid

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **876 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske m.m.

## 1.4 Sekretærfunksjonar

Fjelloppsynet har ivareteke sekretærfunksjonen for fylgjande fjellstyrer: Rauland, Øvre Numedal, Ullensvang, Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning og Ulvik. Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda .

## 1.5 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

Det er gjort eit omfattande innsamlingsarbeid av søppel og skrap i nasjonalparken på oppdrag frå Statens naturoppsyn. Sjå for for øvrig tabell 3. som syner kva arbeidsoppgåver fjelloppsynet har hatt for SNO.

På oppdrag frå fjellstyra er det utført vedlikehald av hytter, transport til hytter, renovering, prøvefiske og fiskekultivering m.m.

Tabell 3 . Temavis inndeling av arbeidet som er utført på oppdrag frå Statens naturoppsyn.

Tema
Tilsyn med motorferdsel , generelt naturoppsyn
Numedalsrally-tilsyn med motorferdsel
Kjentmannstur Geilo RKH
Sporing av jerv
Rekognisering/informasjon under militær aktivitet
Elgtelling
Skarverennet
Overvåkning faunakrim, fugl og naturreservat
Oppsyn med ferdselsforbudsone, villreinkalving
Tilsyn med mineralførekomstar
Miljøaksjonen ”vi ryddar Hardangervidda”
Tilsyn med villreinjakt
Lokalisering radiomerka rein, villreinjakta
Ettersøk, villrein etter jakta
Vedlikehald av nasjonalparktavler m.m.
Kontroll av elgjaktlag
Diverse kontorarbeid

Arbeidet som er utført for fjellstyra og Statens naturoppsyn er gjort nærare greie for i rapportar til den einkilde oppdragsgjevar (Sjå vedlegg).

## 1.6 Feltarbeid for forskningsinstitusjonar

### Villrein

Fjellopsynet har delteke med mannskap i samband med registreringar registreringar under kalving. Ein har også delteke i samband med telling av kalveproduksjonen, strukturtelling, radiomerking av villrein og peiling av radiomerkte dyr på oppdrag frå NINA-NIKU .

### Fjellrev

Fjellopsynet har utført feltmessige registreringar av fjellrev på oppdrag frå NINA-NIKU. Herunder innfangning av kvelder til Veterinærinstituttet.

### Vatnkvalitet

Fjellopsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt priikkaure”, på oppdrag frå Universitetet i Bergen. Ein har også henta vassprøver i ein del lokalitetar på oppdrag frå Hol kommune.

## 1.7 Omfanget av arbeidet

Det er utført totalt 10345 timeverk i selskapet i 2001 (Tabell 4). Dette utgjør 5,8 årsverk. Av dette er 8547,5 timar utført for 13 eksterne oppdragsgjevarar.

Tabell 4. Arbeid utført av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2001

Oppdragsgjevar	Type arbeid	Timar
Eidfjord fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, fiskekultivering	300,5
Ulvik fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretæriat	382
Ullensvang fjellstyre	Oppsyn, skøtselsoppgåver, sekretæriat	742
Odda fjellstyre	Oppsyn	245
Røldal fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter	281
Rauland fjellstyre	Oppsyn, sekretæriat	138
Øvre Numedal fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretæriat	916
SfH	Sekretæriat	278
Statens naturoppsyn	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid	3628
Universitet i Bergen	Prikkaureprosjekt	59,5
NINA-NIKU	Fjellrevprosjekt, studier v/ kalving ,strukturtelling, kalvetelling og radiomerking av villrein.	1569
Hol kommune	Henting av vassprøver	8,5
Anna arbeidstid	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, rapportering, tillitmannsarbeid m.m.	1797,5
<b>SUM</b>		<b>10345</b>

## 2. Organisasjonen

### 2.1 Styret

Styret har vore samansett av styreleiar Ragnar Ystanes og styremedlemene Sigurd Gudmundsen og Liv I. Myklatun. Styret har handsama 18 saker.

Generalforsamling vart helde på Geilo 19.06.01. Det var også eit aksjonærmøte i samband med generalforsamlinga.

### 2.2 Personalet

Det har vore 7 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2001. Hans-Jørgen Jahren har vore tillitsvald og verneombud. Det var midlertidig tilsett eitt sesongoppsyn i samband med sommarsesongen og villreinjakta. (Tabell 5.)

Tabell 5. Fast tilsette og sesongoppsyn i 2001

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	83,3%
Kåre Hallingstad, Hol	87,5%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	66,7%
Bjørn Haugen, Geilo	62,5%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%
Magne Hallanger, Ulvik	62,5%
Tommy Sandal	sesongoppsyn juli /august

## Vedlegg

### Rapportar utarbeida av Hardangervidda Fjelloppsyn as 2001

Rapport nr	Rapporten sin tittel
01 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Øvre Numedal fjellstyre 2001
02 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Ullensvang Fjellstyre 2001
03 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Ulvik Fjellstyre 2001
04 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Eidfjord Fjellstyre 2001
05 - 2001	Årsrapport for naturoppsyn som er utført på oppdrag for Statens naturoppsyn (SNO) i 2001
06 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Rauland Fjellstyre 2001
07 - 2001	Årsrapport for arbeid som er utført for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2001
08 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Røldal Fjellstyre 2001
09 - 2001	Årsrapport for arbeid utført for Odda Fjellstyre 2001